



Ole Tundal Bakkebø  
SKANSELIEN 33  
5031 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/1534 - 22/49210

Saksbehandlar:  
Mette Robertsen  
mette.robertsen@alver.kommune.no

Dato:  
23.06.2022

## **Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 58/9 Lygren indre**

Tiltak: driftsbygning i landbruket  
Byggjestad: Gbnr: 58/9  
Tiltakshavar: Ole Tundal Bakkebø  
Ansvarleg søkjar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 16.02.2022.

### **Vi trenger meir dokumentasjon i saka**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:



1. Viser mellom anna til samtale på telefon, den 20.04.2022 med omsyn til sakshandsaming, og søknad innsendt kommunen med vedlegg. Som omtalt i nemnte samtale, så er alle dokument, kart, og teikningar uleselege. Alt må av den grunn sendast til kommunen på nytt. Slik søknaden no føreligg, kan den ikkje handsamast.

For ordens skuld nemnes at tidlegare Informasjon som gjeld søknad om tiltak på gbnr 58/9 Lygren Indre med omsyn til nye dokument mm. dessverre er sendt frå kommunen til feil e-post adresse, den 25 mars, samt den 20 april. De har av den grunn ikkje motteke desse meldingane. Brev datert 11.04.2022. sendt frå kommunen, etterspurde dokumentasjonen med frist den 02.05.2022.

I samtale med dykk mellom anna pr. telefon den 20.04.2022. vart nemnte forhold avklart, og De blei oppmoda til å ta kontakt med innbyggjarservice i Knarvik dersom De treng hjelp til å sende inn dokumenta på nytt. Me kan ikkje sjå at det er kome inn noko nytt i saka.

Kommunen ber om at søknad med alle vedlegg vert sendt inn samla innan 21.07.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka avvist.

Døme på uleselege dokument sendt frå iPhone.



## GENERELL INFORMASJON

### Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennlig helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Mette Robertsen  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Mottakarar:

Ole Tundal Bakkebø

SKANSELIEN 33

5031 BERGEN